

## Berging med Sea King i Ulvanoso.

16.09.2017



Sea Kingen gjennomførte ei vellukka berging i Ulvanoso i dag.

**Ein Sea King var tilkalla i dag for å ta ned tre personar som gjekk seg fast i fjellveggen i Ulvanoso på Søre Musland. Det var ingen dramatisk knytta til dette. Det var ingen ambulanse på plassen og personane vart sett ned på ei myr nedom tunet i Friheim.**

Personar som bur på plassen, observerte og såg på berginga. Uskedalen.no er kjend med kven dette var. Alle er fjellvande og er i god form. Berginga var så langt vi kjenner til vellukka og rutineprega for mannskapet på helikopteret.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Tore Mathisen